



MØTEREFERAT: NARMA arbeidsutvalg

Møtetid: Tysdag, 21.02.2017, 13-15
Møtested: Nettmøte, connect.uninett.no
Tilstede: Troels Jacobsen (leder; UiS), Konstantinos Chilidis (UiO), Kathrine Huke Markengbakken (NTNU), Eirin Fausa Pettersen (HVL), Ståle Liljedal (UiT), Eli Andås (UiA)
Ellers møtte: Målfrid Tangedal (UiA, referent)
Forfall: Hanne Merethe Sørkjerd (NTNU), Tanja Strøm (HiOA), Solveig Fossum-Raunehaugen (NMBU), Stian Sundell Torjussen (HiH), Ragnar Lie (UHR), Nina Hedlund (Forskningsrådet)
Arkivref.: 17/00342

2017/06 Oppfølging av referat og arbeidsnotat frå førre møte, 24.01.2017

Utkast vart utsendt i e-post 02.02.17 med kommentarfrist 06.02.17. Kort presisering frå Nina Hedlund under sak 4 vart lagt inn. Det kom ingen ytterlegare kommentarar.

2017/07 NARMA vårkonferanse 2017

Plenum 28. mars – presentasjon av NARMA og SIG

- Føreslår at bibliometri, juss og karriereutvikling vert presentert. Målfrid informerer SIG-ansvarlege.
- Troels informerer også om samarbeid med forskningsrådet og ny stilling, samt andre relevante ting frå 2016 og 2017.

Plenum 29. mars

- Avsluttande plenum – ønskeleg at ny leiar for NARMA vert presentert. Dette vert lagt inn i programmet når det er avklart med aktuell person.

Andre ting:

- Nokre av SIG-ane vil miste sin ansvarleg person ved årsmøtet. Arbeidsutvalet må følgje opp med erstatning.
- Målfrid undersøker med Meetings kven i AU som har meldt seg på, og om alle har hotell frå 27.-29
- Vi tek eit AU-møte den 27.03 kl. 17.30, på Thon Hotell Arena. Målfrid ordnar møterom eller liknande.
- Konstantinos treng liste over påmeldte til parallellsesjonen seinast ei veke før – då han skal sende ut case-oppgåve.

2017/08 Førebuing av årsmøte

- Alle SIG-ansvarlege skal sende ein kort rapport om aktivitetar i 2016 (nokre få linjer) til Målfrid innan 1. mars. Også om det ikkje har vore aktivitet.
- Rekneskap for 2016 og budsjett for 2017 må vere på plass før neste møte (14. mars)
- Planer for 2017: Må ikkje legge unødige band på nytt arbeidsutval og ny leiar. Troels omformulerer punktet om strategi. Aktivitet i SIG-ane bør prioriterast framover. Karriereutvikling, og ny stilling ved UiA må nemnast. Målsetting om tilbod om karriereutviklingstilbod innan slutten av 2017?

2017/09 Eventuelt

- Utlysing, UiA: Rådgiver/Seniorrådgiver knyttet til norsk nettverk for forskningsadministrasjon. Ber alle om å spre informasjon om denne stillinga.

Neste møte 14. mars, 12-14.